

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/851 - 20/14332

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
08.05.2020

Dispensasjonsvedtak til klagevurdering - naust mm. - gbnr 234/43 Eide ytre

Saksopplysningar

Eigedom: 234/43
Tiltakshavar/eigar: Vidar Lehmann

Kommunens vedtak

Utval for areal, plan og miljø har fatta følgande vedtak:

«Utval for areal, plan og miljø tek klagen delvis til følgje og godkjenner omsøkt naust. Søknaden om dispensasjon i frå kommuneplanens arealdel (vedteke oktober 2019) sin § 3.4.1 – LNF områder (Landbruks-, natur og friluftsområde), § 3.5.1 generelt (Bruk og vern av sjø og vassdrag), samt plan- og bygningslova sin § 1 -8 , Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag vert godkjent.

Utvalet vil vise til at synfaringa viste at eit naust med kan byggjast på staden på ein harmonisk måte, utan at strandsona vert særleg forringa, og at tiltaket vil byggje opp under det eksisterande naustmiljøet som ligg på begge sider av omsøkt stad. Tiltaket vil heller ikkje koma i konflikt med friluft- eller andre miljøinteresser i området. Ut frå ei samla vurdering meiner APM at fordelene med omsøkt tiltak difor er klart større enn ulempene, og at det kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.»

Dette betyr at søkar har fått dispensasjon til å føre opp eit naust med nødvendige terrenginngrep for naustet, men fått avslag på dispensasjon for båtslipp, kai, internveg og øvrige terrenginngrep.

Sakshistorikk

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av eit naust, samt utfylling og opparbeiding av kai, båtslipp og intern veg. Søknaden omfattar også grunn- og terrengarbeid.

Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (vedtatt oktober 2019) § 3.4.1 – LNF-områder (Landbruks-, natur og friluftsområde), § 3.5.1 - Generelt (Bruk og vern av sjø og vassdrag), samt plan- og bygningslova § 1-8 - Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Det vart gjeve avslag på søknad i vedtak datert 31.10.19.

Vedtaket er klaga på av tiltakshavar i brev motteke 15.11.19.

Klagen vart handsama av utvalet for areal, plan og miljø i møte den 29.04.20 der klagen ble tatt delvis til følgje og dispensasjon gjeve.

Klagefrist

For den innvilga dispensasjonen har dykk klagefrist på 3 veker.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Eirik Berntsen på e-post eirik.berntsen@alver.kommune.no.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg

Klage på avslag på dispensasjonssøknad naust - gbnr 234/43 Eide ytre
Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 234/43 Eide ytre
Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 234/43 Eide ytre
Uttale - Lindås - 23443 - Eide ytre - Naust og utfylling i sjø - dispensasjon
Uttale til søknad om dispensasjon for utfylling i sjø samt oppføring av to naust - gbnr 234/43 Eide Ytre
Uttale til søknad om bygging av naust - 19/27518 - Gbnr 234/43 Eide ytre
Gbnr 23443 Eide ytre - Uttale til søknad om bygging av naust
Uttale vedr oversending av søknad om dispensasjon for utfylling i sjø og naust til uttale - gbnr 234/43 Eide ytre
Klage vedr. avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 234/43 Eide ytre
Dispensasjonssøknad - gbnr 234/43 Eide ytre
Vedlegg nr. 1 Opplysningar gjeve i nabovarsel

Vedlegg

Vedlegg nr. 2 Kart og teikningar

Klage på avslag på dispensasjonssøknad naust , båtslipp, kai, internveg og terrengarbeider
- gbnr 234/43 Eide ytre

Mottakarar

Fylkesmannen Vestland

Statens hus

6863

LEIKANGER